

Emnenr. 20 .

Fylke: Nordland .

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord .

Emne: Drikk til maten til kvar= Bygdelag:

Oppskr. av:                      dags .

Gard:

(adresse):                      Knut Strompaal ,

G.nr.

Br.nr.

Storbørja .

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.      Noko av eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn .

## SVAR

Mjølkk .

1. Kva tid det vart brukt mest mjølkk til drikke før eller no er ikkje gott a svara pa . Det er heller ikkje liketil alltid a vita kva ein skal rekna den mjølka som vart brukt til maten , anten ein skal rekna ho for søvl attat maten eller til drikke . Gar ein sa langt att i tida som for ein femti seksti ar sidan , sa vart sikkert mjølkk meire brukt bade til drikk og til søvl til maten om sumaren enn det er no. Men det er meire jamn bruk av mjølkk heile aret no . Før var det sa , at mest alle kyrne kalva pa vårparten og folk var ofte mjølkkelause i fleire månader om vinteren . No har ein oftare tidleg= bere kyr og dertil brukar ein meire kraftfor , sa ein kkkakx far kyrne til a mjølke meire om vinteren. Det vert da sikkert bruka meire mjølkk om vinteren no enn før. Men så er det og kome noko anna til . Medan det for berre ein firti ar sidan var sa at flest alle familjer hadde krøter sjølve med eit større eller mindre gardsbruk, sa er det no mange som eig berre huset dei bur i og lyt kjøpa all den mjølka dei

skal bruka i hushaldet. Desse familjer bruker ofte mindre mjølk enn det det vart brukt i liknande hushald før i tida. Dei siste ara er det dertil vorte oppsett meieri ute i Vik på Sømna med bilrute fra Velfjora. Mjølka der vert bra betalt og mange gardmenn i Velfjora sel difor mykje av mjølka si dit, og da den skuma mjølka dei får att derfrå ofte er mindre skikka til anna enn for for griser og kalver, sa vert det på desse gardane brukt mindre mjølk i hushaldet før enn no. Ein kan difor segja, at på gardar der dei sjølv produserar mjølk og ikkje seljar den nysilte mjølka der vert det brukt meire mjølk no enn før, men på gardar der dei sel den nysilte mjølka og i heimar der dei ikkje har krøter der vert det brukt mindre mjølk no enn før.

2. Det var heller vanlegt at mjølk vart brukt til leskedrykk om sumaren når det var varmt. I slatten t.d. fekk ein ofte mjølk å drikka om ein vart tyrst. Som oftast var då rømmen skuma av i fyrevegen. Det var heller ikkje uvanlegt at når det kom gjester til gards som hadde gått lang veg i varme dagar kunne få ein kopp mjølk å drikke før dei fekk noko anna traktering. Til det bruk laut mjølka vera søt og helst med rømmen i. Slik til heimebruk når det galt å sløkja tysten var det ofte survoren mjølk ein drakk.

3. Til leskedrykk, tøstedrekka som det vart kalla, kunne ein ofte drikka mjølka slik ho var. Fettesmjølk, skyr, vart skjeldan brukt til leskedrykk, det var til vanlegt brukt til maten. Men tragskyr dei kalla vart brukt ~~til~~ til leskedrykk. Men til tøstedrekka vart kanskje bleng vel

2213

så mykje brukt . Ein blanda ~~mykje~~ mjølk og vatn saman . Til blengdam dei kalla kunne ein bruke kva slags mjølk ein hadde . Dei kunne då og tala om skyrblanda, tragskyrblanda og tynnmjølkblada. Nar dei slo på varme dagar kunne dei ofte ha ei blengspann ståande attmed seg , og dei drakk av den når dei vart tyrste. Bleng vart drukken utanom onnene og om aet høvde så.

Bleng er enno brukt , men truleg noko mindre enn før .

Øl .

4. Det er så lenge sidan heimebrygja øl var kvardagsdrykk at det er litt vant å gjeva sikre opplysningar her . I Børja , ein krins av Velfjord , veit eg det vart brygja eit slags øl dei kalla sirupøl så langt ned i tida som i 1890 åra . Det vart brygja av sirup og einelaug med tilsetning av gjester . Det vart brukt til kvardagsdrykk , men var ikkje mykje brukt da . I enda eldre tid vart det brygja to slags øl etter det Hanna Brynoldson fortalde . Ho var fødd kring 1850. Det var maltøl og sirupøl . Maltølet vart helst brygja til jul og var millom anna brukt i gjestebud. Det vart og brukt til a eta attat graut til grautsøvi. Om det vart drukke som leskedrikk til kvardags anna enn ved ymse høve nar dei hadde arbeidsfolk veit eg ikkje . Sirupølet vart helst brygja om sumaren og var visst det som var mest brukt til leskedrikk. Truleg var det meire brukt som leskedrikk før enn det vart seinare da kaffen kom meire i bruk .

0110

5. Det er ingen no som minnest då dei først tok til å drikke kaffe i Velfjord. Hans Strompaal fødd 1840 fortalde, at han kunne ikkje minnast anna enn dei hadde kaffe det første han kunne minnast. Men det vart skjeldan drukke kaffe, det var mest berre i høgtidene. Ole Dyrnes fødd 1807 fortel, at han har høyrte fortalt om den første tida da kaffe kom i bruk i Velfjord. Men han fekk ikkje greide på kva tid det var, kanskje kring 1850. Det var ei kona fra Brattas som var på vitjing på ein nabogard og sa fortalde dei der, at dei hadde fått tak i noko nytt dei kalla for kaffe. Dei skulde traktere kona med det, dei knuste noko kaffe og hadde i ei gryta, slo vatn over og lett det koke bade lenge og vel. Slog sa vekk vatne og hadde kaffen på ein talerk, sette smørauga i og lett kona fa. Ho tykte ikkje det var noko serleg god traktering ho fekk, sa ho. Men ho truda det var fint. Dei som først fekk i kaffe i Velfjord var folk som hadde vore til sørbyane på ferd. Truleg var det bernsfarere som hadde fått tak i den nye drikken på ein tur til Bergen. Dei sigla som kjent med jekt to gonger i året til Bergen folk fra kvar bygd her nord den tid.

6. Kva tid kaffe vart kvardagsdrykk er heller ikkje så gott å segja visst. Etter det Hans Strompaal og Eliseus Lomsdal har fortalt er det truleg at kafeen tok til å verta kvardagsdrikk med det store ~~EM~~ Engelske skogbruket i Vefsa sist i 1870 ara. Både tok det til å verta meire kontante pengar millom folk enn det hadde

vore før, og elles vart kaffe brukt noksa mykje der og dei som var med der hadde smaken på kaffe med seg heim.

7. Det mest vanlege no er visst at det vert drukke kaffe tre gong for dagen. At ein får kaffe med same ein kjem opp, marraskaffen, er sers vanleg. Ettetmiddagskaffe er og sers vanleg om sumaren, men mange drikk han kvar dag året rundt. Desutan er det ofte dei brukar kaffe til maten til nons, men alltid er det ikkje. Det er sileis ikkje mange som ikkje allvisst drikk kaffe to gong dagleg, men det er og dei som drikk kaffe fire gong for dagen, idet dei kan taka seg ein kopp kaffe til kvelds og.

8. I den første tida ein fekk kaffe var det mest berre ubrent kaffe ein rekk kjøpa her. Dei brende så kaffen sjølve etterkvart dei skulde bruka han, likevel så at når dei brente kaffe, så brente dei for nokre dagar for kvar gong.

Kaffen vart brent i ei gryte og dei hadde ein spade av tre til å røre i gryta med, spaden var kalla kaffespaden og var arbeid av tre, den vart gøymt til neste gong kvar gong ein hadde brent. Kaffekvern hadde dei ikkje, kaffen vart anten knust med ein rund stein i ei treskal, eller han vart knust i skal som var arbeid til det bruk. I siste tilfelle vart kaffen knust med ein knusar av tre. Denne var arbeid som eit stutt slett kjevle. Treknusaren var like lang som skala var brei og kaffen vart knust med at ein hadde treknusaren fram og attende. Dei kunne og knuse kaffen berre på eit papir med ei vanleg flaske.

6.

Flytsamane pla ha den brente kaffen på ein liten lersekk og knuste kaffen med a sia på sekken med ei klubbe , hadde dei ikkje anna for handa brukte dei berre ei vedskie a sia med . Før i tida vart kaffen alltid kokt i fortinna koparkjel. No er aluminium kjelar heller vanleg .

Når ein kokte kaffe før var det vanlege at vatnet skulde koke før ein hadde kaffe på . No lett ein ofte på kaffe med same ein har vatn på kjelen og lett det så koke opp . Kaffen vert no til vanleg male på kaffekvern . A traktå kaffe har vore og er framleis lite brukt . Før var det vanleg å ha litt salt i vatne når ein kokte kaffe. Flytsamane som var glad i sterk god kaffe brukte alltid å ha salt i kaffevatnet . No er det ein skjeldanheit at nokon har salt i kaffen . Før i tida var det ~~vanleg å ha salt i kaffen~~ ofte dei hadde klåreskinn i kaffekjelen når dei kokte kaffe . Det var fiskeskinn dei brukte til klåreskinn . No er det ingen som brukar det . Men mange brukar ~~no~~ tesil når dei slår kaffen i koppane for at det ikkje skal verta for mykje grut som kjem i koppane . Kaffegrut er her kalla kaffegrugge .

Det er ein og annan som pla spa i kaffegrugge. Dei har visse reglar dei spar etter , men det viktigste dei ser er ymse figurar som er laga til i kaffegruggen (sjølv laga) . Noko god ranta-si lyt ein nok som oftast ha for å fa auga på figurane. Dei kan t.d. sjå ein mann i koppen , er han øvst i breidda er mannen ner , er han nede ved botne er han langt undan. Av ymse ting kan dei så sjå kva slag mann det er og anna .

7

Av ymse ting ved figuren ein ser i kaffe-gruggen kan ein og sjå kva kar det er, ein friar i koppen til ei gjente t.d. eller ei brevskrivande gjente i koppen til ein gut. Ein kan og sjå -dyr og anna. Eit jakt-selskap fekk sjå ein elg i koppen til den eine, han var øvst i breidda på koppen og det slog til, dei fekk skyta elg strakst første dagen. Men det er og visse andre reglar ein spar etter. Renn gruggen slik det vert streker i koppen er det vegar ein kjem til å fara, ein kjem da til å fara på reise. Vert det små firkanta opningar millom strekene er det brev eller pakkar etter så store firkantar det er. Er det mykje mørk kaffe-grugge i koppen tyder det på ei mørk framtid, er det lyst nede i koppen ser det lyst ut for framtida. Er det små våte dropar att inne i koppen er det tårer, han som har hatt koppen får ei eller anna sorg. Er det små svarte flekker i koppen er det pengar ein kjem til å fa.

9. Når ein har kaffe til maten er det meire skjeldan ein har sukker til kaffen. Å ha sukker til kaffen når ein hadde kaffe attat maten har aldri vore brukt det eg har høyrte, og no forbyr rasjoneringa ei for mykje overdriven bruk av sukker til kaffen, sukker lyt heller nyttast til syltety og slikt. Men drikk ein berre kaffe kaka kanskje med litt smakaker attat, så er det vanleg å ha sukker til kaffen. Det er mest vanleg å bruke ferdigklypte tablettar til kaffen; men nøv det så, at ein ikkje har av dei, så vert farin

brukt istaden. I 1890 vart det utetter til va  
fram mot 1920 var det vanlege a kjøpa sukker=  
toppar til kaffesukker. Ein slog dei noko me  
sund og klypte sukkeret smatt med ei sukker=  
saks dei kalla. Kor langt att bruken av topp=  
sukker, som det vart kalla, gar det har eg ikkje  
fått greide på. Men eg har høyrte fortalt, at  
dei gamalt brukte brunsukker til kaffen. Som  
heimeismann kan eg nemna Eiseus Lomsdal millom  
andre. Men om dei og hadde toppsukker iveit eg  
mindre om. I siste krigsara var det ofte ikkje  
anna sukker a fa kjøpt her enn farin. Det var  
da ofte ein koka seg kaffesukker. Ein koka  
strøsukker med litt søt mjølk til ein tykte det  
var passe hart, sladdet på ein fukt talerk  
og lett det stå til det var kalt. Det vart til  
små plater, som ein sidan klypte i bitar med  
sukkersaksa. Etter krigen er det vorte meire  
slutt med koking av kaffesukker.

10. Fra gamalt har det vore vanlegt a ha  
fløyte i kaffen. Har ein ikkje fløyte nok brukar  
ein søt mjølk istaden. Berre om ein ikkje har  
korkje fløyte eller mjølk drikk ein kaffen svart  
det vil segja utan fløyte. I nyare tid er det  
elles ein og annan som har teke til a drikke kaffe  
utan fløyte sjølv om ein har fløyte, men det  
er berre undantak. I gamalt tid var det vanleg  
med ost eller kjøt i kaffen. Til kaffeost vart  
oftast brukt kvit gelteost, ein skjeldan gong  
reinost. Reinost var meire skjeldan hos bøndene,  
den laut dei kjøpa hos reinsamane. Men reinsamane  
her brukte heilt vanlegt reinost i kaffen før.

0010



Dei pla karva koppen meir enn halv full med rein-  
 ost og reinkjøtt, drakk nokre kopper før dei drog  
 ut i reinskog som det vart kalla og at ikkje noko  
 anna før dei kom heim om kvelden . No er det meir  
 re slutt med å ha ost i kaffen . Samane er slutta  
 ysta ost , så reinost er det ikkje å få kjøpt og  
 bøndene har slutta mykje gott med gertehald .  
 Medan det før var vanleg å ha geiter på kvar gard  
 er det no eit sersyn å sjå geiter på ein gard .  
 Det er difor berre få no som bruker ost i kaffen.  
 For ost av kumjøik finn ikkje folk eignar seg for  
 kaffeost , og elles er det ingen som ystar ost  
 av kumjøik heller no . Som alt nemnt var det neler  
 vanleg med karva kjøtt i kaffen før . Av bøndene  
 var feitt sauekjøtt rekna vera det beste til kaffe-  
 kjøtt . Samane brukte helst reinkjøtt . Serleg når  
 dei er på ferd brukar samane enno mykje å ha kjøtt  
 i kaffen . Dei brukar helst å karva i kaffen av  
 feitta oppe på bakparten av reinen , bakfeitta ein  
 kallar , og attåt noko av det tarrare kjøtt på  
 sider eller bog på reinen . Mellom bøndene er det  
 no få som brukar karve kjøtt i kaffen, det er berre  
 ein og annan som av og til gjer det .

Å vispe egg i kaffen har av og til vore  
 brukt når ein ikkje hadde fløyte i kaffen . Men  
 det har vore skjeldan . Da har det nok vore meir  
 vanleg med kjøtt i kaffen når ein ikkje hadde fløy-  
 te, enda det ikkje berre var når ein ikkje hadde  
 fløyte når ein hadde kjøtt i kaffen . Etter krigen  
 veit eg i det heile ikkje av at egg er vorte vispa  
 i kaffen til fløyte, no får ein kjøpa hermetisk

mjøl, boksmjøl som ho her vert kalla , den er betre likt til fløyte . Det var helst i te . krigsara nar ein var fri for fløyte , at det vart brukt egg . . . . .  
Te.

Te kan ikkje segjast vera nokon vanleg drikk her . Det er mange , kansje dei som er i fleirtal , som slett ikkje brukar te nokon gong . Berre fa i Velfjord brukar te til noko vanlegheit . Men dei som brukar te har gjerne like ofte te pa ein kvardag som pa ein helgedag , sa salesis kan ein da segja at te vert brukt til kvardags . Kor lenge det kan vera sidan dei først tok til a bruka te har eg ikkje fatt oppgjeve . Dei eldste forteljarane eg har møtt , slike som var fødd kring 1850 ara , naska ikkje noko a fortelja om bruk av te . Truleg var te lite eller inkje brukt den tid . Fra otti og niti ara har eg høyrte om noko dei kalla kongote , men den kunne visst ikkje segjast vera nokon kvardagsdrikk . I dei siste tredve ara har det auka litt med drikking av te , men nokon rett vanleg drikk er det altså ikkje enda .

At ein laga te av ville planter er gammalt . Einebete var kansje den som var mest bruka , men karvete var og ikkje sa lite brukt . Einebete vart kokt av modne eineber og vart kokt pålag likeeins som kaffe , men bera vart ikkje brent berre knust . Eineber trudde folk gammalt var medisn i . Karvete vart kokt av turka karvefrø . Til den trongst det noko sukker det

ein ikkje trong til eineberte. Både karvete og eine-  
berte vart mest brukt til drikk til maten, skjeldan  
til drikk elles. Kor lenge sidan dei tok til å  
bruka desse slag te har eg ikkje høyrte, men allvisst  
eineberte er sikkert vore brukt frå gamal tid. No  
i seinare år er vorte lite eller inkje brukt, all-  
visst etter siste krigen. I krigsåra vart karvete  
noko brukt. Kornkaffe av brent bygg veit eg vart  
brukt for ein femti år sidan, likeins kaffe av  
brente potetskiver. Men det var meire som tilsetnad  
til kaffe, og om det som kornkaffe kunne verta kokt  
utan tilsetnad av kaffe, sa vart det likevel rekna  
for kaffe. Men te kokt av tyteberblad vart kokt av  
og til nar ein slapp opp for kaffe. Blad av tyteber  
vart turka lysbrune og kokt til te eller ofte berre  
trakta. Men den teen var berre brukt nar ein ikkje  
hadde kaffe, noko som ikkje skjeldan hende òg i  
dei avstengde bygdene her.

#### Brennevin.

12. Brennevin har visst ingen gong vore  
rett mykje brukt til kvardags. Det var mest til  
festlege tilstelnader og til gjestebud det vart brukt.  
I gamal tid var det visst rett ofte brukt å skjenke  
ein kjenning eller slektning med ein dram nar han kom  
på vitjing. Vanleg var det å ha litt brennevin med  
nar ein tok ut på ferd til fiske i Lofoten. Dette  
fiske vara frå januar til slutten av april og det  
var ein fast skikk gamalt, at med same ein tok til  
skulde alle ha ferdadramm. Første drammen skulde  
slåast ned i baten og sidan skulde alle som var med  
ha sin dram. Elles var det berre ved ymse høve det

vanka dramm. Ingebrikt Nepas fortel at bestefar hans som og heitte Ingebrikt Nepas brukte gjeva tenerar og slattefolk ein drammenar desse hadde kava og sairaka og bergavinn høy lomsumaren nar det stemnde til med ein regnelling. Var det eit arbeidsom tidet, stod likesom eit knipetak om va få ferdig, var det ofte det vart skjenkt ein dramme. Der det vart thalde dugnad var det og vanlegt gamalt at dei hadde brennevin å skjenke med. Men elles vart ikkje brennevin mykje brukt til kvardags.

Til kvardags er det no skjeldan brukt brennevin. I vestre deler av landet er det ikkje brukt brennevin. I vestre deler av landet er det ikkje brukt brennevin.

Nyare drykk.

13. Til kvardags er ikkje noko slag øl, selters eller brus brukt til drikk. Kjøpeøl vert berre brukt til a feste med. Vørterøl, selters eller brus kan det verta kjøpt ei flaske av ender og då nar ein er pa ferd dit det er kaffe. Det vert da drukke saman med ein kjenning medan ar ein sitt pa kaffe, så det kan ikkje reknast for a vera nokon kvardagsdrikk.

1912